

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Håjen Kafe, Naustdal
Dato: 22.11.2019
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leiar	
Oddmund Klakegg	Nestleiar	
Leidulf Rygg Bogstad	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 18/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 19/19	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 5/19	Referatsak - Møte i rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO		2019/19446
RS 6/19	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - referatsak - gjennomførte tiltak i 2019		2019/4183
ST 20/19	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel - Øvre Naustdal Utmarkslag		2019/21451
ST 21/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestille tiltaksmidlar for 2020		2019/4173
ST 22/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2020		2019/2581
ST 23/19	Eventuelt		

ST 18/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.11.2019

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak ST 18/19

Innkalling og sakliste vart godkjent.

ST 19/19 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.11.2019

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert signert

Vedtak ST 19/19

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/19	22.11.2019

Referatsak - Møte i rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO

Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO hadde det årlege møtet sitt 28.oktober på Skei.

I tillegg til representantane i utvalet møtte Håkon frå verneområdestyret og Rune og Alf Erik frå forvaltninga.

Det var eit godt møte der forvaltning og styre fekk gode innspel og tilbakemeldingar, både på saker og forvaltning og ikkje minst til aktuelle tiltak i 2020 og framover.

Referat etter møtet ligg vedlagt til sakspapira.

Vedtak

Styret tok dette til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/19	22.11.2019

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - referatsak - gjennomførte tiltak i 2019

1. Trappene i Geitabykset

No er vi endeleg ferdige med trappene i Geitabykset. Dette er eit tiltak vi har jobba med i 3 år.

Vi har brukt i underkant av 200.000 av årets tiltaksmidlar til tiltaket, og totalt har vi brukt nesten 600.000. Det har vore eit pionerprosjekt der vi har måtte lage eit nytt konsept og løyse utfordringar undervegs. Det har kosta litt ekstra å måtte prøve oss fram.

Resultatet er veldig bra! Først og fremst takka vere den glimrande jobben som Bygdeservice har gjort med montering og dei løysingane dei har funne undervegs.

2. Klopplegging langs Storevatnet

Eit nytt parti har fått kloppar. Det vart gjort no i 2019, men med midlar frå 2018 gjennom førehandskjøp. No er 2 km sti frå Gjengedalsstøylen og innover langs vatnet utbetra, og det står 1 km att. Her og er resultatet veldig bra, dette vert gjort etter ein utprøvd metode.

3. Informasjonsskilt

To sett med skilt (portalskilt og informasjonsskilt med plakat) er levert og er klar til montering.

Vi ventar framleis på nokre avklaringar før sjølve monteringa i Sandane sentrum og ved E39 på Jølster kan gjerast. På Sandane må vi få oversikt over kva som ligg i grunnen av kablar og leidningar. På Jølster er ikkje veganlegget heilt ferdig enno.

Vi har brukt vel 200.000 på tiltaket i år, då er monteringa på Sandane med.

4. Innkjøp av kloppematerial

Vi har kjøpt inn eit lite lager med material til kloppar med restmidlar no i haust, for 30.000.

I 2019 har vi brukt totalt om lag 425.000 på tiltak, av tildelte 560.000. Av dei 135.000 som ikkje har blitt brukt er 100.000 meldt inn til Fylkesmannen som restmidlar som kan omdisponerast til andre verneområder i Vestland. Vi står per i dag att med om lag 35.000 som ikkje er brukt eller omdisponert. Eg ventar på eit pristilbod på kart/informasjonsbrosjyre som vi kan bruke ein del av dette på.

Vedtak

Styret tok dette til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	20/19	22.11.2019

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel - Øvre Naustdal Utmarkslag

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.11.2019

Vedtak 20/19

Øvre Naustdal Utmarkslag får løyve til bruk av beltekøyrety på vinterføre i samband med transport av varer, material og utstyr til hytter og stølar. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e) og f). Løyvet gjeld for perioden 2020 – 2024 og då gjeldande for perioden 2. jan til 15.april desse åra. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart år i perioden.

Løyvet er gjeve på følgande vilkår:

- Løyvet gjeld for snøskuter, beltevogn og ATV med beltesats.
- Øvre Naustdal Utmarkslag skal melde inn registreringsnummer på dei køyretya som skal nyttast.
- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller rekreasjonskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdaggar.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500 meter.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen skal varslast før transporten tek til (tlf. 97 59 51 02).
- Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar.

All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for dette.

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar

Øvre Naustdal Utmarkslag får løyve til bruk av beltekøyrety på vinterføre i samband med transport av varer, material og utstyr til hytter og stølar. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 e) og f). Løyvet gjeld for perioden 2020 – 2024 og for perioden 2. jan til 15.april desse åra. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart år i perioden.

Løyvet er gjeve på følgande vilkår:

- Løyvet gjeld for snøskuter, beltevogn og ATV med beltesats.
- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller rekreasjonskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdaggar.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500 meter.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen skal varslast før transporten tek til (tlf. 97 59 51 02).
- Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar.

All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for dette.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve til motorisert ferdsel 2020-2025 frå Øvre Naustdal Utmarkslag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Skuterløyve 2016 – 2019
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Øvre Naustdal Utmarkslag har sendt inn søknad om løyve til å bruke motorferdsel til stølar og hytter frå Vonavatnet og inn til Gotdalen. Føremålet med løyvet er å transportere forsyningar, material og utstyr til grunneigarane sine hytter og stølar i området. I tillegg vil dei nytte motorferdsel i samband med snømåking av tak etc.

Utmarkslaget søker om å få disponere 10 turar per år på vegner av medlemmane, som laget kan administrere. Dei vil nytte både snøskuter og beltevogn på snødekt mark, og dessutan vil dei ha høve til å nytte traktor og ATV med eller utan belte når tilhøva ligg til rette for det med sterk is og tele.

Dei søker om eit løyve over fleire år, frå 11.11.2019 til 18.05.2025.

Regelverk

I landskapsvernområdet er motorferdsel i utgangspunktet forbode, jf verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Forvaltingsstyresmakta kan likevel gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfeller, jf. § 3 punkt 5.3:

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

e) transport av varer til hytter og stølår

f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot nml §§ 8-12.

I tillegg må all motorferdsel i utmark vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Denne er det kommunen som handsamar. Ein må ha løyve frå grunneigar på grunnen der ein skal køyre.

Vurdering

Transport av utstyr og forsyningar til hytter er både eit vanleg og akseptert behov i verneområda. I Naustdal-Gjengedal står det omtala både i verneforskrift og i forvaltningsplan. Her kan vi sjå kva forvaltningsplanen seier om transport til hytter og stølår:

«Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til transport av varer, forsyningar og utstyr til hyttar og stølår i landskapsvernområdet. Transportmåte og omfang må vurderast i kvar enkelt sak. Normalt sett vil ein kunne få løyve til inntil fem turar årleg til hytter og stølshus, men ved særskilt behov kan det opnast for fleire turar. Ved jamlege behov er det aktuelt med fleirårige løyver. Det er og ynskjeleg at fleire med transportbehov i same området samarbeider om dette, slik at ein reduserer motorferdsla til eit minimum.»

Det løyvet som Øvre Naustdal Utmarkslag (ØNU) søkjer om er i det store og heile i tråd med det som står i forvaltningsplanen. Det er veldig positivt at fleire grunneigarar går saman om eit felles løyve som fleire kan nytte seg av. Det reduserer både det totale talet på løyver og turar, og det reduserer mengda sakshandsaming både for forvaltninga og grunneigarane.

Utmarkslaget har hatt felles løyve til motorferdsel i fleire år. Forvaltninga har ikkje registrert negative verknader eller tilbakemeldingar på bruken av dette løyve og slik vi ser det har utmarkslaget administrert løyvet sitt på ein veldig god måte. Dette er eit område som forvaltninga kjenner godt, gjennom mange synfaringar, turar, tiltak og saker som har vore her. Kunnskapsgrunnlaget både om området generelt, og motorferdsel i området spesielt, er særst godt. Kravet i nml § 8 er derfor oppfylt.

Transport av material, utstyr og forsyningar til hyttene er eit kurant føremål ut i frå verneforskrift og forvaltningsplan. Utmarkslaget søker og om å få bruke motorferdsel i samband med snømåking på tak ved store snømengder. Det er ikkje opning i verneforskrifta for å gje løyve til persontransport. Ein kan altso ikkje gje løyve til at ein person køyrer seg sjølv inn til ei hytte eller støl, berre for å måke snø. Her vil vi heller oppmode om å kombinere snømåking med anna køyring, til dømes transport eller løypekøyring.

Dalføret frå Vonavatnet og innover til Gotdalen er kanskje det området i Naustdal-Gjengedal med mest snøskutertrafikk. Dette kjem av at det er eit område med mykje aktivitet frå fleire hald, med fleire hytter og mykje turfolk. I tillegg til motorferdsel i samband med hytter og stølar, har det og vore gjeve løyve til motorferdsel i samband med oppkøyring av skiløype og i samband med Røde Kors Hjelpekorps si kjentmannskøyring. Det er sjølv sagt ikkje heldig om det vert mykje motorferdsel i eit slikt område. Både av omsyn til friluftslivet, av omsyn til at det er eit verna område og ikkje minst av omsyn til villreinen i området. Villreinen har ikkje brukt dette området i nemneverdig grad dei siste åra, men tidlegare har delar av området vore brukt, mellom anna til kalvingsområde. Villreinen brukar dessutan areala sine i syklusar og kan kome til å ta i bruk området att sjølv om den ikkje har brukt det i særleg grad dei siste åra.

Forvaltninga er observant på problemstillingar knytt til motorferdsel i området, og oppmodar til samarbeid og dialog mellom aktørane her for å redusere omfanget. Dialogen har vore god, og vi har sett fleire døme på samarbeid. Når ein snøskuter først er i området, kan ein støtte fleire føremål, til dømes vil kjentmannskøyring kunne kombinerast med både transport og løypekøyring. Forvaltninga meiner at dette har fungert bra, og det samla omfanget av motorferdsel blitt mindre enn venta. Den samla belastninga av motorferdsel, inkludert presedens som er skapt av dei løyva som er gjeve, er innanfor det som er akseptabelt (jamfør nml § 10).

Området er eit populært turområde, særleg i vinterhalvåret. For å ikkje uroe turfolk i området bør ein unngå køyring på sundagar og heilagdaggar.

Øvre Naustdal Utmarkslag søker om å få bruke snøskuter eller beltevogn på snøføre, og å få bruke traktor eller ATV med eller utan belte når det er barfrost med tele og sterk is på vatna. I verneforskrifta er det opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av *beltekøyrety på vinterføre*. Det vil i praksis seie snøskuter, beltevogn og ATV med beltesats på snødekt eller tilfrosen mark. Verneforskrifta opnar altso ikkje for bruk av hjulgåande køyrety. I følgje nml § 12 skal dessutan ein nytte mest skånsame metode for å få løyst behovet, og det er beltekøyrety som er mest skånsam for terrenget.

Det vert søkt om løyve for perioden frå november 2019 til mai 2025. Altso 5,5 år eller 6 vintersesongar. Verneområdestyret har som praksis å gje løyve for inntil fem år i gongen. Det er dessutan både problematisk og lite realistisk å få til transport på snøføre ut i mai månad. Det førre løyvet gjaldt for perioden 1. jan til 15.april, og det er ei høveleg avgrensing både for dyreliv og snøforhold.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje relevante i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/19	22.11.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestille tiltaksmidler for 2020

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tingar tiltaksmidler for 2020 etter følgjande prioriterte liste over tiltak:

Pri	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
1	Skjøtsel Arnestad- støylen	Grunneigarlaget sin skjøtelsesplan som inkluderer slått på støylen, slått langs stien og restaurering av bekken som renn gjennom støylen.	Ta vare på kulturlandskapet og artsmangfaldet på Arnestadstøylen. Få bekken som går gjennom støylen fram som element på støylen.	35 000	Skjøtelsesplan
2	Supplerande klopplegging og bru i Instedalen	a. Supplerande klopplegging der utmarnkslaget tidlegare har utbetra stien. Tette "hol" mellom dei allereie lagte kloppane. b. Reparere ei lita bru ved Nesstølen som har falt ned.	Auka og meir konsentrert ferdsel som følge av tidlegare tiltak har gjeve behov for noko meir klopplegging langs Vonavatnet. Ei øydelagt bru ved Nesstølen må og reparerast. Det er viktig at eksisterande infrastruktur og særleg T-merka ruter er i god stand, jamfør besøksstrategi.	50 000	Tiltaksplan, besøksstrategi

Pri	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
3	Stien til Byrkjeneset	a. Halde fram med klopplegging inn over myrane mot Byrkjeneset. b. Utbetre trappene i Ura, slik at dei er betre for storfe å bruke.	Legge til rette for god tilkomst for breie brukargrupper til Byrkjeneset, jamfør satsing i besøksstrategien. Sikre at storfe får god tilgang til beiteområda frå Storevatnet og innover.	150 000	Tiltaksplan, besøksstrategi
4	Villmarksleiren i Byrkjeneset	Reparere gjerdet rundt leiren. Restaurere og utvide "utekjøkkenet" i samarbeid med grunneigar.	Legge til rette for ålmmenta sin bruk av Byrkjeneset som turmål for familiar og eit breidt spekter av brukarar, jamfør satsing i besøksstrategien.	50 000	Besøksstrategi
5	Turskilt	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	Sikre at infrastrukturen langs dei merka rutene er av god kvalitet. Standardisere merking og skilting.	10 000	Tiltaksplan, besøksstrategi
6	Parkeringsplassar på Jølster	Støtte til å bygge "toppturparkeringsplass" på Indrebø i Jølster i samarbeid med Jølster kommune. Spleiselag med kommunen. Total kostnad 280'	Toppane på Jølster er mykje brukt til toppturar særleg om vinteren. Behov for parkeringsplassar både som tilbod til turfolket og for å redusere ulempe med parkering for grunneigarar og anna trafikk.	80 000	Tiltaksplan, besøksstrategi

Pri	Tiltak	Schildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
7	Stiar ved Arnestad-støylen	Rydde, merke og utbetre stiane som går frå Arnestadstøylen og vidare innover i Langedalen.	Ta fram tidlegare brukte ferdselsårer og knyte saman stinettverk i området mellom fjorden og Langedalen.	15 000	
8	Fjerning av gran	Fjerne gran frå landskapsvernområdet. Både større plantefelt og mindre klynger og enkelttre.	Gran høyrer ikkje naturleg heime i området og all gran er derfor uønska i verneområdet.	100 000	Tiltaksplan
9	Sti i Traudalen	Utbeture stien frå enden av byføringsvegen og eit stykke innover. Lage ein betre oppgang frå vegenden og opp på reina med stein eller grustrapp. Klopplugging eller liknande innover ca 150 m	Første partiet av stien rett etter buføringsvegen er veldig gjørmete og lite brukarvenleg. Stor slitasje på terreng og vegetasjon. Når vi tidlegare har brukt so mykje ressursar på buføringsvegen bør vi ha ein betre overgang til stien vidare.	75 000	Tiltaksplan
10	Informasjonsskilt	Kjøpe og montere portalskilt og informasjonsskilt, på same måte som i 2019. To sett med skilt.	Informere om landskapsvernområdet og mogelegheitene der, jamfør besøksstrategi	200 000	Besøksstrategi
11	Råsa til Mardalsstøylen	Utbetring av råsa frå dammen/vegen og opp til Mardalsstøylen. Legging av trekloppar, steinsetting, bruer.	Legge til rette for ferdsel langs stølsråsa til Mardalsstøylen.	80 000	Tiltaksplan
12	Førebygge naturskade ved Fitjestøylen	Førebygging i elveløpet ved Fitjestøylen for å redusere faren for at elva skal grave seg ut av løpet sitt og gjer skade på Fitjestøylen. Naturskade i juli 2019 første til at elva endra seg og at faren for skade på sjølve støylen auka.	Sikre det flotte og viktige støyismiljøet på Fitjestøylen.	200 000	

Pri	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
13	Bruer i Langedalen	Støtte til oppsetting av to bruer i Langedalen som er viktige for beitebruk og utnytting av beiteressursane. Total kostnad 200'	Sikre utnytting av beiteressursar. Legge til rette for trygg ferdsel for friluftslivet.	50 000	Tiltaksplan
				1 095 000	

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2020. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan . Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tiltkot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp eit framlegg basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn no i haust.

Pri	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
	Skjøtsel Arnestad- støylen	Grunneigarlaget sin skjøtselsplan som inkluderer slått på støylen, slått langs stien og restaurering av bekken som renn gjennom støylen.	Ta vare på kulturlandskapet og artsmangfaldet på Arnestadstøylen. Få bekken som går gjennom støylen fram som element på støylen.	35 000	Skjøtselsplan
	Supplerande klopplegging og bru i Instedalen	a. Supplerande klopplegging der utmarkslaget tidlegare har utbetra stien. Tette "hol" mellom dei allereie lagte kloppane. b. Reparere ei lita bru ved Nesstølen som har falt ned.	Auka og meir konsentrert ferdsel som følge av tidlegare tiltak har gjeve behov for noko meir klopplegging langs Vonavatnet. Ei øydelt bru ved Nesstølen må og reparerast. Det er viktig at eksisterande infrastruktur og særleg T-merka ruter er i god stand, jamfør besøksstrategi.	50 000	Tiltaksplan, besøksstrategi
	Stien til Byrkjeneset	a. Halde fram med klopplegging inn over myrane mot Byrkjeneset. b. Utbetre trappene i Ura, slik at dei er betre for storfe å bruke.	Legge til rette for god tilkomst for breie brukargrupper til Byrkjeneset, jamfør satsing i besøksstrategien. Sikre at storfe får god tilgang til beiteområda frå Storevatnet og innover.	150 000	Tiltaksplan, besøksstrategi
	Villmarks- leiren i Byrkjeneset	Reparere gjerdet rundt leiren. Restaurere og utvide "utekjøkkenet" i samarbeid med grunneigar.	Legge til rette for ålmenta sin bruk av Byrkjeneset som tursmål for familiar og eit breidt spekter av brukarar, jamfør satsing i besøksstrategien.	40 000	Besøksstrategi

Pri	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads-overslag	Forankring planverk
	Turskilt	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	Sikre at infrastrukturen langs dei merka rutene er av god kvalitet. Standardisere merking og skilting.	10 000	Tiltaksplan, besøksstrategi
	Stiar ved Arnestad-støylen	Rydde, merke og utbetre stiane som går frå Arnestadstøylen og vidare innover i Langedalen.	Ta fram tidlegare brukte ferdselsårer og knyte saman stinettverk i området mellom fjorden og Langedalen.	15 000	
	Fjerning av gran	Fjerne gran frå landskapsvernområdet. Både større plantefelt og mindre klynger og enkelttre.	Gran høyrer ikkje naturleg heime i området og all gran er derfor uønska i verneområdet.	100 000	Tiltaksplan
	Sti i Traudalen	Utbetre stien frå enden av buføringsvegen og eit stykke innover. Lage ein betre oppgang frå vegenden og opp på reina med stein eller grustrapp. Klopplegging eller liknande innover ca 150 m	Første partiet av stien rett etter buføringsvegen er veldig gjørmete og lite brukarvenleg. Stor slitasje på terreng og vegetasjon. Når vi tidlegare har brukt so mykje ressursar på buføringsvegen bør vi ha ein betre overgang til stien vidare.	75 000	Tiltaksplan
	Parkeringsplassar på Jølster	Støtte til å bygge "toppturparkeringsplass" på Indrebø i Jølster i samarbeid med Jølster kommune. Spleiselag med kommunen. Total kostnad 280'	Toppane på Jølster er mykje brukt til toppturar særleg om vinteren. Behov for parkeringsplassar både som tilbod til turfolket og for å redusere ulempe med parkering for grunneigarar og anna trafikk.	80 000	Tiltaksplan, besøksstrategi

Pri	Tiltak	Skildring	Grunngjeving	Kostnads- overslag	Forankring planverk
	Informasjons- skilt	Kjøpe og montere portalskilt og informasjonsskilt, på same måte som i 2019. To sett med skilt.	Informere om landskapsvernområdet og mogelegheitene der, jamfør besøksstrategi	200 000	Besøksstrategi
	Bruer i Langedalen	Støtte til oppsetting av to bruer i Langedalen som er viktige for beitebruk og utnytting av beiteressursane. Total kostnad 200'	Sikre utnytting av beiteressursar. Legge til rette for trygg ferdsel for friluftslivet.	50 000	Tiltaksplan
	Råsa til Mardalsstøylen	Utbetring av råsa frå dammen/vegen og opp til Mardalsstøylen. Legging av trekloppar, steinsetting, bruer.	Legge til rette for ferdsel langs stølsråsa til Mardalsstøylen.	80 000	Tiltaksplan
	Førebygge naturskade ved Fitjestøylen	Førebygging i elveløpet ved Fitjestøylen for å redusere faren for at elva skal grave seg ut av løpet sitt og gjer skade på Fitjestøylen. Naturskade i juli 2019 første til at elva endra seg og at faren for skade på sjølve støylen auka.	Sikre det flotte og viktige støylsmiljøet på Fitjestøylen.	200 000	
				1 085 000	

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/19	22.11.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2020

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.11.2019

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyret set opp følgjande budsjett for det nye styret i 2020:

Møtegodtgjerdsle	67.984
Reisekostnadar	8.400
Møte- og konferanseutgifter	56.000
Rådgjevande utval	7.500
Totalt	139.884

Innstilling frå forvaltar

Styret skal sette opp driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre i 2020.

Framlegget til budsjett frå forvaltar bygger på desse føresetnadane:

- Det vert tre medlemmer i det nye styret
- Styret skal ha fire styremøter i 2020
- Styremedlemmer og vara deltek på kompetanseprogram for dei nye styra
- Styret deltek på Nasjonalparkkonferansen til Miljødirektoratet
- Rådgjevande utval skal ha eitt møte
- Det er lagt inn 15.000 til å dekke eventuell tapt arbeidsforteneste.

Budsjett

Møtegodtgjerdsle	67.984
Reisekostnadar	10.500
Møte- og konferanseutgifter	38.000
Rådgjevande utval	7.500
Totalt	123.984

ST 23/19 Eventuelt

Ingen saker